



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Sak nr 1/2009

Møtedato: 28.1.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

## Revisjon av konsesjonsvilkåra for Åbjøravassdraget

Etter lovendringa av vassdragsreguleringsloven i 1992 ble det bl.a. vedteke at tidligare gjevne konsesjonar utan tidsavgrensing kan reviderast 50 år etter konsesjonstidspunktet.

På bakgrunn av dette vart det den 13.03.08, i F-sak 20/08, fatta vedtak i Gol formannskap om at Gol kommune inviterer kommunane Vang, Vestre Slidre, Nord-Aurdal og Hemsedal til et samarbeid om å utarbeide grunngjeve krav om revisjon av konsesjonsvilkåra i Åbjøravassdraget og at dette forslaget blir lagt fram for kommunestyra. Alle kommunane takket ja til samarbeidet, og det vart danna ei arbeidsgruppe som held konstituerande møte den 12.08.08.

Arbeidsgruppa har i tråd med mandatet gitt frå kommunane, utarbeidet eit forslag til krav om endringar i konsesjonsvilkåra for Åbjøravassdraget. Innstillinga skal leggjast fram for kommunestyra for godkjenning. Er det merknader til denne innstillinga har ein frist til 3.2.09 med å koma med merknader.

Det kan ikkje forhandlast om øvre og nedre reguleringshøgde, det gjeld berre vilkår knytt til reguleringa.

I konsesjonsvilkåra er det krav om oppfylling av Storfjorden (Flyvatnet) innan 1. juli. I praksis har fjorden vore opp til ved isløysing ca. 1. juni.

### Vedtak:

Fjellstyret har følgjande merknader til utkastet:

- Oppfylling av Flyvatnet er det klart viktigaste punktet for omsynet til miljøvern og utøving av fiske og anna friluftsliv. Fjellstyret ber om at det blir stilt krav om at vatnet blir fylt opp innan 1. juni slik praksis er i dag. Eventuell tidlegare oppfylling av Tisleifjorden må ikkje få nokon negativ innverknad på praksis som har vore i Flyvatnet.
- Erosjon er eit problem i Flyvatnet. For å hindre erosjon i størst mulig grad må det vera krav om forbod mot døgnregulering og krav om mest mulig fast vasstand. Det må stillast krav om tiltak for å utbetre eksisterande og framtidig erosjonsskade.
- Rester etter tre og anna vegetasjon i Flyvatnet er eit stort problem ved utøving av fiske. Restane etter vegetasjon gjer også at abbor får gunstigare gytevilkår og dette går ut over aurestamma. Det bør stillast krav om utbetring av desse forholda.
- Låg minstevassføring frå Helin reduserar naturleg rekruttering for auren i vassdraget frå Helin ned til Flyvatnet. I tillegg er utløpselva frå Helin kanalisert og slik øydelagt som gyteelv/oppvekstområde. Det må vera krav om tilfredstillede minstevassføring og restaurering av elva ut frå Helin.
- Fjellstyret meiner det kommunale næringsfondet bør vera årlege indeksregulert utbetaling i staden for eingongsutbetaling.

Einstemming vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 30.1.09

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune v/rådmann